



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Språkrådet
Postboks 8107 Dep.
0032 OSLO

Dykkar ref.:
11/135-1

Vår ref.:

Dato:
Oslo, 25. februar 2011

Høyringsvar frå EØS-sekretariatet i UD om revisjon av nynorskrettskrivinga

Vi viser til høyringsbrevet frå Språkrådet av 1. februar 2011, og takkar for dette høvet til å kommentere framlegget til ny rettskriving.

EØS-sekretariatet arbeider med omsetjing av EØS-relevante rettsakter til norsk (bokmål eller nynorsk). Dette arbeidet stiller svært høge krav til språkleg presisjon og standardisering, både av terminologi og faste seiemåtar som gjerne går att i rettsaktene, uavhengig av kva fagområde det dreier seg om. Difor har vi utarbeidd interne språklege retningslinjer for kva former vi skal nytte når det er valfridom (ordval, kjønn, bøyning osv.). Framlegga som er oppførde i dei punkta som de særleg ber om merknader til, stemmer godt overeins med dei retningslinjene vi alt har valt.

Ei strammare norm vil truleg gjere dette standardiseringsarbeidet lettare for oss.

Som statstilsette følgjer vi sjølvsagt hovudformene i Nynorskordboka, og legg vinn på å skrive ein nynorsk som er ”moderne”, men som samstundes tek vare på særpreget ved målforma. Difor har vi valt bort mange av dei bokmålsnære formene i våre retningslinjer. Det at nemnda har vore atterhalden med å gje tilnærmingsformer status som jamstilte former, ser vi difor på som positivt.

Vi har ikkje hatt høve til å gå gjennom høyringsframlegget i detalj, men ser at vi truleg kan halde fram med å følgje dei retningslinjene vi har nytta til no. Den største utfordringa vert truleg å følgje opp nye tillatne hovudformer når det gjeld bøyning av substantiv, for her ser det ut til at nemnda har gått inn for større valfridom i staden for ei innstramming. I tillegg håpar vi at samsvarbøyinga av verbformene preteritum og perfektum partisipp kan avklarast endå betre. Dette er kanskje noko av det som er aller mest vanskeleg i nynorsken.

Vi ønskjer nemnda lukke til med innspurten, og ser fram til det endelege resultatet. Så skal vi følgje opp så godt vi kan.

Med vennleg helsing

Grete Borge
Underdirektør i EØS-sekretariatet

Sylvi Dysvik